



Aktivitetshuset skal fullførast med eit ekstra lån på 300.000. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no fått søknad om garanti for ein auke i lånet på 300.000 i Sparebank 1 Kvinnherad for at Aktivitetshuset skal bli fullført. Fristen for fullføring er 1. juni – ellers vil tippemidlane bli trukke attende.

I søknaden som Vidar Haugland har sendt skriv han at dei har fått eit akutt behov for hjelp på grunn av auke i dei månedlege lånekostnadane og meir utgifter til den endelege ferdigstillinga enn dei hadde tenkt.

Under eit møte med kommunen er det drøfta ulike løysingar – konkurs, kommunal overtaking, utviding av aksjekapitalen og auke av/refinansiering av lånekapitalen under føresetnad av kommunal garanti.

Heile lånet blir refinansiert over 25 år utan avdrag i tre år. Den månedlege summen blir deretter 7.400 kroner medan den no er 13.000 og leiinga for Aktivitetshuset trur dei skal kunne driva huset vidare som no som eit AS på desse vilkåra.

Av Ola Matti Mathisen